

EJ BERRE TULLA?



**NÅR SPØK GJER VONDT,
ER DET IKKJE HUMOR**



**HARAM
KOMMUNE**

Til føresette, tilsette og frivillige i Haram kommune

Ny kampanje: "Ej berre kødda?"

-Når spøk gjer vondt, er det ikkje humor

Haram kommune set no i gang kampanjen "Ej berre kødda?" eit felles løft for å hjelpe barn til å forstå at ord betyr noko, og at det ikkje alltid er greitt å seie noko vondt sjølv om det er meint som tull.

I barnehagen lærer barna å vere saman, dele, samarbeide og snakke saman. Men av og til hender det at nokon seier noko som sårar og etterpå seier «ej berre kødda» eller "ej berre tulla". Det er ikkje alltid barna forstår at det som blei sagt, faktisk gjorde den andre lei seg.

Kvifor vi jobbar med dette

Utviklinga vi ser i skulen viser oss at det er viktig å starte så tidleg som mogleg. I barnehagen legg vi grunnlaget for tryggleik, samspel og språkleg medvit. Her handlar mykje av arbeidet om bevisstgjerings og førebygging, å hjelpe barna til å forstå verda rundt seg, og kva rolle dei sjølvve spelar i møte med andre.

I barnehagen øver barna seg på språk kvar dag, både gjennom lek, konfliktløysing og samtale. Vi vil hjelpe barna med å kjenne igjen kva som er gode ord, og kva som kan vere vanskelege eller sårande. Vi ønskjer å lære barna at ord kan bygge eller rive ned. Målet vårt er at barna skal kjenne seg trygge og inkluderte, og lære å bruke språket sitt til å gjere kvarandre glade, ikkje lei seg.

Målet med kampanjen "Ej berre kødda?"

- Å hjelpe barna med å forstå at ord betyr noko, sjølv om dei blir sagt som spøk
- Å støtte barna i å bruke språk som inkluderer, ikkje stenger ute
- Å bygge ein god kultur for kommunikasjon, vennskap og respekt i barnehagekvardagen

Gjennom eventyr, lek, samtale og konkrete situasjonar i barnehagen vil vi jobbe med desse tema i tida framover.

Ditt ansvar som vaksen

Vi treng vaksne som ser, lyttar og snakkar med barna kvar dag. Enten du er føresett, barnehagetilsett eller frivillig i møte med dei minste, har du ei viktig rolle.

Dette kan du gjere:

- Snakk med barnet ditt om kva som er gode ord, og kvifor vi må vere snille med kvarandre når vi snakkar
- Hjelp barna å forstå at sjølv om noko blir sagt for å tulle, kan det likevel gjere nokon lei seg
- Set ord på kjensler og hjelp barna å gjere det same
- Stopp opp når du høyrer noko som ikkje er greitt og forklar kvifor vi må vere varsame med korleis vi snakkar
- Bruk sjølv eit språk som viser omtanke og respekt, barna lærer mest av det du gjer

Hugs: Barn gjer som vaksne gjer, ikkje berre som vi seier. Når du viser kva det betyr å vere raus, snill og inkluderande, lærer barna det same.

Saman kan vi gi barna i Haram kommune ein trygg og god start, der dei lærer at ord har verdi, og at vi skal bruke dei til å løfte kvarandre opp.

Takk for at du er med i arbeidet for eit trygt og godt oppvekstmiljø i barnehagane våre.

Takk til Giske kommune og Ålesund kommune for deling av innhald og materiell i kampanjen.

Her kan du få hjelp:

- **Barnehage, skule og helsesjukepleiar**

Snakk med ein vaksen du stoler på der du går på skule

- **Mobbeombudet i Møre og Romsdal**

Tel: 712 80 433 / 911 40 259

✉ mobbeombudet@mrfylke.no

- **Konfliktrådet**

[Konfliktrådet - Konfliktrådet](#)

- **Kors på halsen (Røde Kors)**

Chat og telefon for barn og unge

[Hjem - Kors på halsen](#)

- **Snakk om psyken**

Chat-tjeneste fra Blå Kors

[Blå Kors | SnakkOmPsyken.no – Snakk om psyken](#)

- **SnakkOmMobbing.no**

Chat-tjeneste fra Blå Kors

[Forside - SnakkOmMobbing.no](#)

- **Slettmeg.no**

[Slettmeg hjem - Slettmeg.no](#)